



Nynorsk kultursentrum

Vedtaksprotokoll konstituerande styremøte

Ivar Aasen-tunet, Ørsta

Tysdag 27. februar 2018 kl. 11.45–15.15

Til stades

Lodve Solholm, Hilde Barstad, Hilde Løkensgard Bjørnsvik, Siri Beate Gjerde, Janne Nygård, Jon Østbø,

Siri Beate Gjerde, Brit Bildøen (observatør sak 05–11/2018), Stina Aasen Lødemel (observatør), Grete Riise (observatør), Gaute Øvereng (sak 12/2018), Anders Kalvatn (sak 12/2018), Ottar Grepstad (sekretær)

Forfall

Sæbjørn Forberg, Per Halse

Sakliste

Konstituering

06/2018 Konstituering og val
07/2018 Innkalling og sakliste

Saker til orientering

08/2018 Referatsaker
09/2018 Aktuelle saker
10/2018 Personalsaker

Vedtaksaker

11/2018 Søknader om offentlege tilskot 2019
12/2018 Årets nynorskbrukar 2018
13/2018 Langtidsplan butikkar 2018–2021
14/2018 Statens rolle i forvaltning av offentlege kulturmidlar
15/2018 Program Perspektivdagen 2018
16/2018 Nynorsk kultursentrum 25 år
17/2018 Overføring av museumsgjenstand
18/2018 Direktørstillinga

Konstituering

Før konsitueringa presenterte styremedlemene seg for kvarandre.

06/2018 Konstituering og val

Vedtak

1. Lodve Solholm er vald til styreleiar februar 2018–februar 2020.
2. Hilde Barstad er vald til nestleiar for same perioden.

07/2018 Innkalling og sakliste

Vedtak

Innkalling og sakliste er godkjende med ny sak 17/2018 Direktørstillinga.

Saker til orientering

08/2018 Referatsaker

Vedtak

Styret tek informasjonen til vitende.

09/2018 Aktuelle saker

Vedtak

Styret tek informasjonen til vitende.

10/2018 Personalsaker

Vedtak

Styret tek informasjonen til orientering.

Vedtaksaker

11/2018 Søknader om offentlege tilskot 2019

Vedtak

1. Styreleiar og direktør får fullmakt til å fullføre søknadene om investerings- og driftstilskot for 2019 på grunnlag av saksførelegg og drøfting i møtet.
2. Nynorsk kultursentrum bed om møte med politisk leiing i Kulturdepartementet for å presentere byggjeprojektet i Vinje og status for arbeidet med drift og festival.
3. Nynorsk kultursentrum bed om møte med politisk leiing i Telemark fylkeskommune for å presentere byggjeprojektet og behovet for driftsmidlar.

12/2018 Årets nynorskbrukar 2018

Vedtak

1. Prisen *Årets nynorskbrukar 2018* går til generalsekretær John-Ragnar Aarset for viljen til konsekvent bruk av nynorsk i politiske miljø der slike røyster trengst for å fremje nynorsk som sak og praksis.
2. Prisen er på 100 000 kroner, eit grafisk trykk av Arne Nøst og eit diplom. Prisen blir delt ut under opningshøgtida for Dei nynorske festspela 7. juni 2018. Som ein del av prissummen tek prisvinnaren del i arrangementet «Prisvinnarens time» under Dei nynorske festspela 2018 og på eit anna arrangement i regi av Nynorsk kultursentrum i 2018 eller 2019.
3. Prisvinnaren og grunngivinga blir etter planen offentleggjort onsdag 7. mars.

13/2018 Langtidsplan butikkar 2018–2021

Vedtak

1. Styret bed administrasjonen ta kommentarane til situasjonsanalysen med i det vidare arbeidet med langtidsplanen.
2. Administrasjonen får fullmakt til å engasjere ein butikkfagleg rådgivar for inntil 75 000 kroner til det vidare arbeidet med langtidsplanen.

14/2018 Statens rolle i forvaltning av offentlege kulturmidlar

Vedtak

1. Styret bed rådet drøfte saka i møtet 12.4.2018 og be rådsordføraren vere medunderskrivar på høyringsfråsegna.

2. Styreleiaren og rådsordføraren gjer ferdig høyringsfråsegna i samarbeid med direktøren.

15/2018 Program Perspektivdagen 2018

Vedtak

1. Administrasjonen fullfører program og invitasjonar til Perspektivdagen 2018 på grunnlag av saksførelegg og drøfting i møtet.
2. Styret oppsummerer arrangementet på møtet i september.

16/2018 Nynorsk kultursentrum 25 år

Vedtak

1. Administrasjonen arbeider vidare med saka på grunnlag av saksførelegg og drøfting i møtet.
2. Styremedlemene blir bedne om å kommentere invitasjonslista seinast 15.3.

17/2018 Overføring av museumsgjenstand

Vedtak

Styret i Nynorsk kultursentrum bed om at Norsk Folkemuseum overfører eigedomsretten til gjenstand NF 1899-0589 til Nynorsk kultursentrum når leigeavtalen går ut 1.4.2018.

18/2018 Direktørstillinga

Vedtak

1. Direktørstillinga blir lyst ut som fast stilling.
2. Eit tilsetjingsutval på tre medlemmer arbeider med saka på vegner av styret. Utvalet er sett saman av Jon Østbø (leiar), Hilde Barstad og Siri Beate Gjerde.
3. Administrasjonen bed seinast 4.3. om tilbod frå tre rekrutteringsfirma.
4. Nynorsk kultursentrum har ikkje offentlege søkjarlister, heller ikkje i denne saka.
5. Utvalet vel firma i samråd med styreleiar, som blir konsultert undervegs etter behov, avtalar framdriftsplan, godkjenner endeleg utlysingstekst, følgjer aktivt opp rekrutteringsarbeidet, er med på intervju etter avtale med firmaet og legg fram for styret til avgjerd ei tilråding som inkluderer tilsetjingsvilkår.

Godkjend protokoll

Protokoll frå konstituerande møte 27. februar 2018 er godkjend i møte 6. juni 2018.

Lodve Solholm

Hilde Barstad

Hilde Løkensgard Bjørnsvik Sæbjørn Forberg

Siri Beate Gjerde

Janne Nygård

Jon Østbø

Ottar Grepstad